



Marianne Villanger Lilletveit  
Langhøyane 17  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2417 - 14/12534

Saksbehandlar:  
Stine Pedersen Sylta  
stine.pedersen.sylta@radoy.kommune.no

Dato:  
17.11.2014

## Referat frå møte i 17.mai komiteen 12.11.2014

**Tilstades:** Margrethe Kalsås, Willem Vogelaar, Nina Larsen, Kathrine Murberg og Marianne Lilletveit. Monica Larsen var tilstades på siste del av møtet.

**Forfall:** Nina Uthaug, Trond Sverre Myrtveit, Tor Erik Skråmestø

**Leiar i 17. mai komiteen vert Nina Uthaug (som nestleiar i FAU), Sekretær vert Marianne Lilltveit (sekretær i FAU) og Trond Sverre Myrtveit vert økonomiansvarleg.**

Komiteen har som mål å få gjort mest mogeleg i god tid. Me såg over punkt frå i fjor og har fordelt oppgåver på dei ulike medlemmane, og vidare klassane i høve arrangementdagen og dagen før. Medlemmane undersøkjer sine punkt i forkant av møtet i FAU 19. november. Der vert det å avtala om me treng eit nytt møte før jul, eller om me ventar til over nyttår. Det skal arrangerast eit foreldremøte for alle foreldra på skulen, der komiteen informerer om oppgåver i samband med at FAU har ansvaret for 17. mai arrangementet. Målet er å få foreldra på lag – ”17.mai er for borna”.

### \*Talar:

*Kransenedlegging ved kyrkja* – Kathrine Murberg snakkar med Kenneth som tek det opp i formannskapet (formannskapet peikar ut talar)

*Appell ved Velferdsenteret* – Marianne Lilletveit kontaktar Katarina Birkeland og hører om ho, Thomas Valdersnes eller eventuelt nokon andre i ungdomsrådet kan halde denne.

*Tale for dagen* – Kenneth Murberg har vore i kontakt med fylkesordførar Tom Christer Nilsen om dette. Han har svara at det kan vera mogeleg. Kathrine forsøker å få ei stadfesting på at han kan stilla via Kenneth.

*Krans og tale på Kvalheim* – Kathrine tek kontakt med Unni Helle Nordberg

### \*Tingingar:

*Radøyhallen, kjøkken, mjølkeskåp mm. på ungdomskulen og ungdomsklubben* må tingast til 16. og 17.mai. Marianne ordner dette (ungdomskulen ok).

*Manger skulemusikklag og Manger musikklag* må inviterast til å spela. Margrethe tek kontakt med desse. Det er ønskeleg at dei har same repertoar som i fjor og eventuelt anna dei ønskjer å spela.

*Høgtalaranlegg til velferdsenteret og hallen* må lånast og betjenast av rockeverkstaden. Marianne kontaktar Bjørn Harald Bendiksen om dette, og om *rockeverkstaden* kan tenkje seg å ha musikalske innslag i hallen.

### **\*Program:**

Willem tek ansvar for det grafiske i programmet. Han ordner med trykking på kyrkjekontoret. 5. og 6. trinn teikna til programmet i fjar. Marianne ordner med teikningar frå årets 5. og 6. trinn. Det må organiserast utkøyring av programma (6 bilar?)

### **\*Anna:**

*Me treng 4 flaggbærarar til flaggborga.* Kathrine kontaktar Kjetil Morken om dette.

*Det kom forslag om å endra ruta for toget.* Me vart einige om å spørje Kjetil om dette og, då han veit kvar musikantane kan gå. Forslag om ned til ungdomskulen, gjennom byggjefeltet, opp til gamle meieriet og attende til Velferdsenteret. Eit anna alternativ var frå senteret, forbi skulen, ned på ”skittkaien”, og opp til Urhaugen og til Velferdsenteret.

*Konfransier:* Det har kome fleire forslag til konfransier i hallen; Vidar Grindheim, Janne Erstad, Hilde Villanger, Knut Tore Vangen, Jo Bjarte Tommerbakke. Dersom nokon har fleire forslag (om alle seier nei) er komiteen opne for det. Nina Larsen kontaktar dei som er nemnt.

*Prislistar, skilt og plakatar (til salsbodene)* lagar elevar. Marianne ordner dette.

Det vert oppretta ei *facebook-gruppe* for komiteen (og evt andre i FAU?) – Margrethe lagar denne. Her kan me skriva inn ting som er ordna/ok eller liknande.

Det trengs *sjåfører med skåpbil (lastebil) og lift* til 16. og 17.mai. Monica snakkar med Kjetil om dette. Dersom det ikkje går må Øyvind Morken prøve å få tak i dette( evt Roar Ulvatn).

*Salutt* – Øyvind må organisere dette.

Arve Skjellanger har alle *planer og lister frå i fjar* på PC – Marianne kontaktar han for å få dette oversendt

### **Komiteen avtala å dele arrangementet inn i tre ansvarsområde.**

- 1. Tilrigging/ opprydding – 1. og 2. trinn**
- 2. Mat – 3.,4. og 5. trinn (50 kaker skal bakast av forldre på 1. og 2. trinn)**
- 3. Leikar – 6. og 7. trinn**

Margrethe organiserer informasjon frå i fjar i tre ulike permars til dei ulike ansvarsområda.

Foreldrekontaktane på dei ulike trinna har ansvaret for å fordela oppgåvene på foreldra på trinnet. På foreldremøtet må me informera om dette først felles. Etterpå fordelar me oss klassevis og organiserar derifrå.

### **Diverse i høve ansvarsområda:**

Tilrigging skjer på 16. mai. Det må kjøpast inn 50 småflagg og nokon må ha ansvaret for dekorasjonar på bord og området ellers.

Det var litt få leikar i fjar. Dei som har ansvar her kan gjerne finna på nye leikar. Dei må og få tilgang til loftet på ungdomskulen for å sjekka ut kva som er att frå i fjar (premiar osv.)

Matgruppa skal organisera maten. Det vart underskot på betasuppa og rømmegrauten i fjar. Kankje må maten prisast ned noko, og det er mogeleg at det kan lagast litt mindre enn i fjar.

Trond Sverre er økonomiansvarleg. Han må ordne vekslepengar og innkjøp av diverse.

Marianne Villanger Lilletveit

- referent –

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

